



HELLEBAKKEN 45
5039 BERGEN
TELEFON: 55 39 29 50
FAKS: 55 39 29 59
E-POST: FIRMAPOST@BOF.NO
NETTSIDER: WWW.BOF.NO

Alver kommune
Avd. byggesak
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

VEDLEGG B-1

Vår ref.: 04-1/22-LET

Dykkar ref.: Saknr. 018/22 i sak 21/6857

Dato: 13.04.2022

UTTALE TIL KLAGE – SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ BYGGJEGRENSE MOT SJØ FOR TILTAK I ELVAVIKA (HALTEJOHANSVIKA) FRILUFTSOMRÅDE (GNR./BNR. 323/204), ALVER KOMMUNE

BOF kan ikkje sjå at klagen til Frekhaugmarka Vel inneheld nye moment, som kommunen allereie ikkje har vurdert. Om kommunen vurderer det annleis, må de gjerne kontakte oss om det er noko særskild i saka de ønskjer våre kommentarar på.

Kort oppsummert frå BOF si side:

Frekhaugmarka Vel poengterer, etter vår vurdering, utfordringar rundt trafikkavvikling og auka trafikk langs den kommunale vegen i Galtenesvegen, som følgje av BOF har fått løyve til å etablere den søkte parkeringsplassen. BOF opplever primært at hovudpoenget til Frekhaugmarka Vel er krav og ønskjer om avbøtande og utbetrande tiltak langs Galtenesvegen, for å betre tryggleiken til dei mjuke trafikantane langs den kommunale vegen. Det er Alver kommune sjølv som har utøvande mynde til det, så BOF skal ikkje foreslå moglege tiltak i den samanheng. Alver kommune har i denne saka gjeve BOF løyve til avkøyring frå kommunal veg til parkeringsplass.

BOF er positive til at det på sikt vert starta opp eit kommunalt arbeid, med å sikre parkeringsplass til friluftsområde på ein anna lokalitet enn det som er søkt på om i dag. Dette vil då med høgt sannsyn avlaste noko av køyringa dei besøkjande til friluftsområdet gjer langs Galtenesvegen. Dette er dog prosessar som normalt sett tek tid, og parkeringsbehovet for friluftsområdet er stort allereie i dag.

Med venleg helsing
Bergen og Omland Friluftsråd

Dag B. Seter
Administrativ leiar